

Lindås gutekor

Årsmelding 2013

Koret har dette året hatt mange gode framføringar lagt til gudstenester eller konsertar. Medlemstalet har variert noko frå 6 stk i vårsemesteret og 7 stk i haustsemesteret. Diverre har koret mista dei dyktige gutane som tok til i 6. klasse i haustsemesteret. Haustsemesteret har 3 stk frå 2. klasse og 4 stk frå 3.klasse.

Medlemmer vårsemesteret: Andreas Nygård Fehn, Joar Hauge Spjeldnes, Marius Kleivdal Hella, Casper Hodneland Telle, Niklas Møvik og Vicktor Sundsbø.

Medlemmer haustsemesteret: Gustav Vigestad, Harald Vigestad, Sander Petersen Syslak, Niklas Møvik, Casper Hodneland Telle, Stein Dagestad og Jonas Veland.

Øvingdag: onsdag kl 16.00 – 17.00 i Lindås kyrkje

Koret har delteke med song på fylgjande:

10.02.13	Lindås kyrkje	familiegudsteneste
20.03.13	Lindås kyrkje	påskekonsert, samarbeid med Lindås songlag og L-M kantori.
07.04.13	Myking kyrkje	påskekonsert, samarbeid med L-M kantori
19-21.04	Kortreff	Sætervika leirstad
17.05.13	Lindås kyrkje	høgtidsgudsteneste
29.05.13	Lindås kyrkje	minikonsert i samband med avslutninga av vårsemesteret.
29.09.13	Lindås kyrkje	familiegudsteneste, hausttakkefest
17.11.13	Lindås kyrkje	familiegudsteneste
29.11.13	Lindås senter	julegateopning
15.12.13	Lindås kyrkje	julekonsert
19.12.13	Hundvin kyrkje	julekonsert
24.12.13	Lindås kyrkje	familiegudsteneste

Årsmøtet for året 2012 vart halde den 18. feb-13 på Lindås kyrkjelydssenter.

Desse møtte: Jarle Ottar Hella og Gunnar Hageberg. Sidan det var så vanskeleg å samla foreldre til årsmøte, vart det likevel halde årsmøte delvis per telefon.

Styret har i denne perioden hatt slik samansetjing:

Leiar	Jarle Fehn
Nestl.	Jarle Ottar Hella
Skrivar	Gunnar Hageberg
Varamedlem	Nina Hodneland Telle

Lindås sokneråd sin kasserar fører også rekneskapet for gutekoret.

Koret hadde 15 øvingar vårhalvåret og 16 øvingar hausthalvåret.

Medlemspengar: kr 100.- Koret har medlemskap i Ung Kyrkjesong. Koret får tildelt Frifonds-midlar.

Takk til alle gutane for deira flotte engasjement, song og positive innsats.

Tilhøyrarar har gitt mange gode ord tilbake. Takk til styret og ikkje minst til foreldre som er med og motiverer gutane til fin innsats. Gutekoret er til stor glede for Lindås kyrkjelyd, ein viktig del av trusopplæringa og barne- og ungdomsarbeidet.

Måtte koret sitt arbeid vera til glede og velsigning for den einskilde korsongar og for kyrkjelyden!

Lindås den 18. januar 2014

Gunnar Hageberg - sekretær/dirigent